

ØRSTA – VALDER 1–2 (0–1)

BANE: Ørsta stadion

MÅL:

0–1 Steffen Oksnes Elde (37),

1–1 Hallgeir Aam (78),

1–2 Henrik Hole Oksnes (86).

DOMAR:

Tor Helge Myrseth, Hundeidvik – 4

GULE KORT:

Sigurd Nybø,

Terje Rebbestad og

Hallgeir Aam, alle Ørsta.

SPELARPOENG: 3 Sven Nordstrand, Valder, 2 Tom Jøran Jønsson, Valder, 1 Sindre Winjevoll, Ørsta.

KOMMENTAREN: – No slit vi! Det vert mykje stong-ut, og vi pressar for mykje spelet inn i midten. Men vi hadde fortent poeng i dag. (Sportsleg leiar i Ørsta IL, Stein Aam.)

– Mot slutten spelte vi for å halde på det eine poenget, og når vi så får alle tre poenga heilt i slutfasen, må vi berre takke og bukke. Ein sær viktig siger for oss, sjølv sagt. (Magne Kvalø, Valder-trenar.)

KAMPEN: Valder stal alle poenga på Ørsta stadion i går, etter eit skikkeleg «rotemål» av Henrik Hole Oksnes rett før slutt. Og målet kom rett etter at Ørsta hadde utlikna og pressa hardt på for nok ei scoring. Men den kom altså andre vegen.

For å seie det med ein gong – i går var keeper Sven Nordstrand Valder sin store matchvinnar. Han sto ein praktkamp, vi miste etter kvart talet på redningar Nordstrand drog fram. Særleg i andre omgang var det i periodar Ørsta mot Valder-keeperen. Og det som ikkje Nordstrand tok, rydda eit godt Valder-forsvar opp i. Ført av Tom Jøran Jønsson på uvand midtstopparplass.

Ørsta hadde stort sett føringa i kampen, mot eit Valder-lag som la seg lågt. Men Ørsta slurva med dei avgjerande pasningane, og det har vi diverre sett før i år også. Valder tok leiinga då Henrik Hole Oksnes slo flott fram til søskenbarnet Steffen Hole Oksnes. Og han gjorde ingen feil.

I andre omgang pressa Ørsta hardt på, men fekk ikkje mål før Hallgeir Aam elegant heada inn eit innlegg frå venstre. Etter dette vart Ørsta-preset endå meir konstant, men fire minutt før slutt fekk Valder eit innkast som vart kasta langt inn framfor mål. Der vart det klynge, og ein tafatt Ørsta-keeper Thomas Indrearne fekk ikkje summa seg før Henrik Hole Oksnes hadde sendt ballen i motsett hjørne midt inne i mølja. Dermed tre heldige Valder-poeng, men det er framleis lov å ha ein god keeper.

Audun Steinnes